



Søderstrøm Hagesenter AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/5964 - 22/30996

Saksbehandlar:

Merethe Tvedt

merethe.tvedt@alver.kommune.no

Dato:

21.04.2022

Orientering om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - GBNR 188/5 Gjervik ytre

Alver kommune viser til søknad om dispensasjon frå kommunedelplanen (KDP) for Knarvik, Alversund og Alverstraumen for etablering av nytt hagesenter med tilhøyrande parkeringsplassar og infrastruktur på gbnr. 188/5 i Gjervik. Søknaden om **dispensasjon** vart behandla av utval for areal, plan og miljø i møte 20.4.2021 i sak 059/22, der følgjande vedtak vart fatta:

APM- 059/22 Vedtak:

«Det vert gjeve mellombels dispensasjon på ubestemt tid frå føresegn 2.2.2, 4.1.3 og 4.3.1 i kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen for oppføring av hagesenter med tilhøyrande infrastruktur på gbnr 188/5.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 og § 19-3 jf. § 11-6 (disp frå kommuneplan) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Vedtaket vert gjeve på følgjande vilkår:

- **Dispensasjonen omfattar ikkje godkjenning av rubbhall.**
 - **Seinast saman byggeløyve skal det føreliggja ein støyvurdering av tiltaket. Eventuelle støytiltak skal innprosjekterast i tiltaket.**
 - **Seinast saman med byggeløyve skal det utarbeidast ein teknisk plan for VVA.**
 - **Seinast saman med byggeløyve for hagesenteret og etablering av avkøyrse skal dispensasjon for å nytta arealformål for del av gbnr 188/531 til samferdsel og infrastruktur ligge føre.**
 - **Vilkår i løyve frå Statens vegvesen må følgjast opp i samband med byggesaka.**
- Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreinga**

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9».

Saksutgreiing med vedtak følgjer vedlagt.

Tilleggsvedlegg frå tiltakshavar:

Det blei i APM møte 20.4.22 utdelt kommentar frå dykk/tiltakshavar til motteken høyringsuttale frå Statsforvaltar. Denne er lagt ved oversendinga om orientering om vedtak og klagerett, men med kommentar

om at dokumentet ikkje er vurdert eller handsama av Kommunedirektøren, og ligg ved som orientering til saka.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing
Alver kommune Plan og byggesak

Merethe Tvedt
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon for krav om utarbeiding av detaljregulering for oppføring av hagesenter - gbnr 188/5
Gjervik ytre

VEDLEGG 1 - Søknad om dispensasjon - Hagesenter Gjervikfalten

VEDLEGG 2 - Illustrasjon situasjonsplan

VEDLEGG 3 - Terrengprofilpasseringslomme

VEDLEGG 4 - Skisse kryss1

VEDLEGG 5 - Skissekryss2

VEDLEGG 6 - Skisserkryss3

VEDLEGG 7 - Uttale Statsforvaltar

VEDLEGG 8 - Løyve til etablering av avkøyrsløp - EV 39 SVV

VEDLEGG 9 - Løyve SVV E002C0 - kart

VEDLEGG 10 - Løyve SVV E003B0 - kart2

VEDLEGG 11 - Løyve SVV E004A0 - kart3

VEDLEGG 12 - Løyve SVV Situasjonsplan E001C- kart4

VEDLEGG 13 - Løyve SVV Skisse forlenging av rekkverk kart5

VEDLEGG 14 - Uttale VA Alver

VEDLEGG 15 – Kjøp av grunn Alver kommune

Kommentarer til Statsforvalterens skriv_fråiltakshavar

Mottakarar:

Abo Plan & Arkitektur AS

Søderstrøm Blomster og

Hagesenter AS

Søderstrøm Hagesenter AS

Postboks 291

Lyngvegen 1

5203

5914

OS

ISDALSTØ